

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne:

Brynet

Bygdelag:

Otterøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse):

Fosslandsosen

G.nr.

19

Br.nr.

1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1) Hein -- å hein (verb). Kjenner ikkje til at det er brukt noko anna namn her. Hein er brukt for alle slags bryner.
- 2) Såvidt eg veit er det før brukt/heiner av naturstein. Først i siste åra er brukt heiner som eg trur er støypte. Veit ikkje om at naturleg brynestein fins i bygda. Eg mins heller ikkje å ha høyrd kor heinene kom frå. Dei andre spørsmåla fell bort.
- 3) Til første spørsmålet må eg svara ja. Først slipesteinen, og så heina. For ljaar vart det etter slipinga brukt den vanlige ljaheina. For andre redskapar vart det da brukt ei finare hein. Alle skjæreredskapar måtte på slipesteinen ein gong imillom. Barberkniven var det vel sjeldan dei hadde på ein grop slipestein. Til han brukte dei vel ei fin hein og strykreima. Når barberknivar, høveltenner eller liknande skulle heinast, førde dei heina i ringar på redskapen. Han skulle bli kvassare da enn når dei førde a att og fram i beine liner.
- 4) Eg hugsar ikkje, men eg har høyrd fortald at dei kveste ljaen med ein hamar. Det er rimelig at sigd og skjuru vart kvest på same måten. Ka tid skikken å slipe ljaar kom til bygda, veit eg ikkje. Det lever neppe nokon i bygda som kan svara på det. Dei andre spørsmåla under dette punktet kan eg ikkje seie noko om.
5. Kjenner ikkje noko til det. Slipesteinen stod ved huset, så dei slipa der. Men eg finn det rimelig at dei hadde ein mindre slipestein med seg når dei var så langt unna og slo at dei ikkje kunne gå heim før til kvelds, eller når dei var på fjellslått så langt unna at dei måtte vera borte dagevis.
- 6) Det vanlige var å slipe ljaen til kvart måltid. Dei slipa før dei gjekk inn og åt, så var ljaane ferdige til bruk når dei gjekk ut. Var graset hardbitt og jorda steinut, måtte dei slipe oftare. No er ljaen lite i bruk her, så det er meir tilfeldig med slipinga. Eg hugsar ein mann som var husmann her i bygda. Han fødde eit par kyr på plassen. Han slipa lja-

2

en berre ein gong kvar slåttonn. Så skulle han til gårdmannen og slå plikten. Da dei var komne eit stykke bort i skårane, slær han ljåen i ein småstein. Han seier da til gårdmannen: Når du ikjt hi steina økran din så slær ikjt æ her. Han hiva så ljåen på nakken og rusla heim. Dette var for vel 50 år sidan.

- 7) Eg kjenner ikkje til at dei til ei heining av ljåen har brukt fleire sorter heiner, den eine etter den andre. Sjølv har eg sett berre heiner av stein, men eg hørde fortald om en mann som var her som laga seg hein av tre, påklina gørrkov og sand. Men eg har ikkje sett slike, og eg veit ikkje noko mann på dei.
- 8) Her tek dei alltid ljåen ut av orvet når dei sliper, ka festegreier ein har og held eggen mot seg under slipinga.
- 9) Øvre enden av orvet mot jorda, orvet skrått opp mot mannen så huken av ljåen er ved brystet på venstre sida, og spissen av ljåen vender frå mannen, venstre arm over bakken på ljåen, som han holder med fingrene. Heininga byner ved huken. Ein stryk heina skrått langs eggen med eitt drag på kvar sida, og etter kvart flyttar ljåen seg bakover under venstre arma åt mannen, så han når spissen med heina. Ein tek dette oppatt 2 a 3 gonger. Stutturv brukes ikkje her.
- 10) Eg minnest berre ein mann, og han var frå ei anna grend (far hans var forresten frå Hardanger) som bar heina i ein kopp festa til beltestaden. koppen var såvidt eg hugsar, av tre, men ka namn han hadde på den, veit eg ikkje.
- 11) Kjenner ikkje til det.
- 12) Eg trur, på venstre sida.
- 13) Kjenner ikkje til at dei brukte anna enn vatn å fukte med
- 14) Kjenner ikkje noko til det.
- 15) Heller ikkje.
- 16) Heller ikkje.
- 17) Har ikkje høyrd om det.
- 18) Ukjent.
- 19) Likeså.
- 20) Likeså.

Det kan venteleg ha vori noko her og av det som er spurd om, men vi lever vel seint til å få fatt på det.